



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# **Varslingsøving kommunane i Møre og Romsdal i kontortida.**

**4. april 2018**

**Evaluering**

## 1 Innleiing

Varslingsøvinga vart først varsla i brev frå Fylkesmannen (FM) 21.03.2018 «Samfunnstryggleik og beredskap - kommuneretta aktivitet i 2018». Øvinga var meldt avvikla i kontortida onsdag 04.04.2018.

Første varsel på e-post vart sendt ut kl 09:08 til kommunane sine beredskapsadresser. Kort tid etter, kl 09:09, vart det sendt varsel på SMS i h.h.t. varslingsliste for kommunal kriseleiing.


## 2 Øvingsmål

Det var på førehand sett eit øvingsmål for øvinga. Det var at kommunane skulle kvittere for mottatt varsel frå FM, helst med ei kvittering pr. kommune på e-post til FM si varslingsadresse. Elles var øvinga godt egna til å avdekke mulege feil eller manglar i varslingslister, både hjå FM og hjå kommunane.

## 3 Gjennomføring

Første kvittering kom allereie kl 09:10. Alle dei 36 kommunane i fylke svarte på varselet, og siste kvittering på e-post er registrert kl 17:32.

26 av 36 kommunar sendte berre ei kvittering på varslet. 9 kommunar sendte 2 kvitteringar og berre ei kommune sendte 3 kvitteringar. Figuren nedanfor viser grafisk fordelinga i talet på kvitteringar samalikna med liknande øving i 2016



## 4 Evaluering

### Øvingsmål – mottak av beredskapsvarsel:

Det er veldig positivt at alle kommunane fekk til å kvittere for mottatt varsel innan rimeleg tid. Denne gongen har litt over 70% av kommunane sendt berre ei kvittering. Det er ei positiv utvikling, og vi fekk berre 47 kvitteringar på denne øvinga samanlikna med same øving i fjor haust, då vi fekk 68. Berre ei kommune ga meir enn 2 kvitteringar med til saman 3.

Heilskapsinntrykket frå øvinga er såleis svært positivt, og med denne utviklinga må vi kunne seie at øvinga sett under eitt er bestått. Her ligg det framleis eit forbettringspotensiale for nokre av kommunane i å bli meir samkøyrd internt på kven som gir tilbakemelding på beredskapsvarsel.

### Avdekking av feil og manglar i varslingslister:

Vi fekk i ikkje meldt mange feil på e-postvarslingsadresser ved dette høve. Vi fekk derimot også denne gongen nokre spørsmål frå nokre medlemmar i kriseleiing som meinte dei skulle hatt melding på SMS. Dette er i nokon grad gjengangarar frå førre øving, og tydar på at dei framleis ikkje har fått med seg endringane FM gjorde i varslingsrutinar med verknad frå 20.04.2017, då vi etter det berre varslar ordførar, rådmann og beredskapskontakt på SMS.

### Funn i praktisk gjennomføring av øvinga:

Vi ser at mange av dei kommunane som har sendt berre ei kvittering i stor grad har sett andre medlemmar i eigen kriseorganisasjon på kopilista når kvittering blir sendt til FM. Det er ei god rutine som alle bør bruke. Elles er det langt på veg ein del gjengangar på kven som er tidleg med å kvittere, og kven som sender meir enn ei kvittering. Gjennom tilsyna vi har gjennomført siste åra har vi ei klar formeining om at dei fleste kommunane har ruinar for kvittering av varsel frå FM. Utfordringa ser ut til ligge i å konsultere planverket på dette, og det blir i staden ofte kvittert på strak arm «for å vere på den sikre sida». Tidlegare var det meir vanleg at det var personar i kriseleiinga som ikkje var nært knytt til den dagleg drifta i kommunen som sto for brorparten av kvitteringar som ikkje er i trå med etablerte rutinar. Det ser ikkje ut til å vere tilfelle lenger. Brorparten av kvitteringar i denne øvinga har vi mottatt frå personar nært knytt til kriseorganisasjonen. I høve til dette vil vi presisere at desse øvingane ikkje er ein konkurranse i å kvittere raskast muleg, og vi rår til at kommunene evaluerar denne øvinga på lik line med andre øvingar.

### Konklusjon:

FM ser av denne øvinga at det er nyttar å gjennomføre slike øvingar. Trass i den gode utviklinga så ser vi at kommunane treng meir øving på mottak av beredskapsvarsel, då det framleis er eit potensiale for ein del kommunar å bli betre på dette.

Det er ikkje spesielt ressurskrevjande for FM å gjennomføre slike øvingar, og vi vil vurdere å gjennomføre liknande øvingar for kommunane med om lag same frekvens som dei siste åra. Kommunane vert også oppfordra til å kvalitetssikre at ein har rutinar på plass for svar på beredskapsvarsel, og til å drive eigenøving.

05.04.2018

AM